



Ein staseleg, gamal båt gjekk gjennom Storsundet med kurs for Rosendal tysdag føremiddag. Mange trudde det var vår faste og kjære gjest hardangerjakta Mathilde, som Hardanger Fartøyvernssenter driv og som no er 125 år gamal.

Men det var det ikkje, det var Valentine frå Haugesund.

Mathilde er også i området om dagen, men akkurat no er ho på utsida av Skorpo. Valentine er privateigd og den er ein skonnertrigga kuttar, får uskedalen.no opplyst frå ekspertar. Eigar er Bakerøy Båt og båten er 70 fot og dermed nesten like stor som Mathilde. Både Mathilde og Valentine (og mange andre flotte båtar) er forresten påmelde til den store båtfestivalen i Norheimsund frå 19. til 21. juni.

På biletet er Valentine tett på Skorpo.

(Foto: Ola Matti Mathisen)